

Vaksdal kommune

# Kunnskapsgrunnlag til prosess for drøfting av skulestruktur

08.05.2015

## Innhald

1.	Innleiing .....	2
1.1.	Elevane si læring i framtidens skule .....	2
1.2.	Elevane si læring i Vaksdal.....	3
2.	Elevtalsutviklinga i Vaksdal.....	5
2.1.	Skulekrinsane 2014-2015 .....	5
2.2.	Folketalsutvikling i Vaksdal 2005 – 2015 (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB) .....	6
2.3.	Elevtalsutvikling i skulekrinsane 2000 – 2015 (Kjelde: GSI).....	6
2.4.	Tomteplanar som faktor i elevtalsutviklinga (Kjelde: Samfunnsutvikling, Vaksdal kommune) .....	7
2.5.	Elevtalsutvikling, prognose 2014 – 2024 (Kjelde: SSB).....	7
2.6.	Elevtalsutvikling, prognose 2024 – 2040 (Kjelde: SSB).....	7
3.	Pedagogisk grunnlag for drøfting av skulestruktur .....	8
3.1.	Pedagogisk perspektiv .....	8
3.2.	Tverrfagleg arbeid .....	9
3.3.	Kvalitet i opplæringa.....	10
3.3.1.	Nasjonale prøvar, barnesteget .....	10
3.3.2.	Nasjonale prøvar, ungdomssteget .....	10
3.3.3.	Elevundersøkinga .....	11
4.	Økonomisk grunnlag for drøfting av skulestruktur .....	12
4.1.	Statistikk .....	12
4.2.	Driftskostnader for skule .....	12
4.3.	Andre økonomiske forhold.....	13
4.4.	Personale (Kjelde: KOSTRA).....	13
4.5.	Skulestorleik og lærartettleik .....	14
4.6.	Spesialundervisning og utvida språkopplæring.....	14
4.7.	Skuleskyss .....	14
5.	Scenarier for drøfting av skulestruktur i Vaksdal .....	16
5.1.	Nærmiljøskular for kvar av krinsane Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og i Eksingedalen som i dag, inkl. kjøp av skuleplassar i Modalen kommune .....	16
5.2.	Samlokalisering på Dale og i Eksingedalen (begge 1. – 10. årssteg) .....	16
5.3.	Samlokalisering på Vaksdal (1. – 7. årssteg), Dale (1. – 10. årssteg) og Eksingedalen (1. – 10. årssteg) .....	16

# 1. Innleiing

## 1.1. Elevane si læring i framtidens skule

I NOU 2014 7 «Elevenes læring i framtidens skole» har Ludvigsen-utvalet greia ut kva elevane vil ha behov for å læra i skulen i eit perspektiv på 20-30 år.

Fleire utviklingstrekk peikar mot eit samfunn prega av større mangfald, høg grad av kompleksitet og raskare endringstakt. Samfunnsutviklinga framover synes å omfatta kommunikasjons- og medieteknologiar i rask endring, utfordringar med bærekraftig utvikling, demografiske endringar lokalt og globalt med etnisk, kulturelt og religiøst mangfald, urbanisering, forbruksvekst og eit kunnskapsbasert og internasjonalt arbeidsliv.

Den teknologiske utviklinga har stor innverknad på arbeidslivet, og enkelte yrker og yrkesgrupper vil verta erstatta av teknologi. I ein analyse basert på norske tal for å vurdere i kor stor grad digitaliseringa ser til å verka inn på arbeidsplasser i Noreg viser resultatane at om lag ein tredjedel av norske arbeidsplassar i stor grad vil verta utsett for automatisering i løpet av dei neste tjue åra.

Store yrkesgrupper i Noreg som er særleg utsett for digitalisering er butikkmedarbeidarar og kontormedarbeidarar. Andre høgrisikoyrker er malarar, kjøkkenassistentar, servitørar, vektarar, resepsjonistar og rekneskapsmedarbeidarar. Lavrisikoyrker er blant anna psykologar, lærarar på alle utdanningsnivå, fysioterapeutar, tannlegar, fotografar, advokatar, veterinærar, musikarar, ambulansespersonell, dansarar og politibetjentar.

Kreativitet, uavhengige tenkjemåtar og kjerneoppgåver knytt til innovasjon og entreprenørskap vil framleis vera under føresetnad av mennesker. Det same gjeld arbeidsplassar der det er behov for mellommenneskeleg kommunikasjon og der det er behov for å balansera mellom motstridande prinsipp, ynskjer og målsettjningar.

Lågt løna yrker vert rekna for å vera utsett for digitalisering. Høg og fleksibel utdanning redusera konsekvensane av teknologiske framsteg. Yrker i offentleg sektor er meir skjerma for digitalisering enn yrker i privat sektor. I Noreg ser det vidare ut til at kvinner vil vera meir beskytta av digitalisering enn menn.

Utvalet si vurdering er at kompetansar innanfor fagområder som realfag og teknologi, språkfag og praktiske og estetiske fag vil auka i betydning i framtidens kunnskapsamfunn. Samtidig tilseier samfunnsutviklinga at både samfunnet, arbeidslivet, og enkeltpersonar vil ha behov for kompetansar som går på tvers av og vert utvikla i mange fag, for eksempel samhandlingskompetanse, kritisk tenkning og kompetansar i å læra.

Utvalet legg til grunn at elevane i framtidens samfunns- og arbeidsliv og i eige liv vil ha behov ein brei og samansett kompetanse og foreslår å prioritera følgjande kompetansar for skulen:

*Kompetansar i fag og fagområder* (Digitale kompetansar, matematisk kompetanse, kritisk tenkning, problemløysning og vitenskapelege metodar)

*Kompetansar i å læra* (Sjølvreulert læring og metakognisjon)

*Kompetansar i kommunikasjon, samhandling og deltaking* (Lese- og skrivekompetanse og munnleg kommunikasjon, samhandlingskompetanse og demokratisk kompetanse)

*Kompetansar i å utforska og skapa* (Kreativitet, innovasjon og kompleks problemløysning)

Funn frå læringsforskingen fortel oss under kva føresetnadar elevane lærer best i skulen. Ut i frå dette kan vi òg seie noko om elevrollen i framtidens skule. God læring krever at eleven:

- Deltek aktivt i eiga læring
- Deltek aktivt i kommunikasjon og samarbeid
- Utviklar dybdeforståing
- Forstår eigne læreprosessar
- Strekkjer seg mot utfordringar
- Planlegg mot mål
- Tar medansvar for læringsmiljøet

## 1.2. Elevane si læring i Vaksdal

Vaksdal kommune vedtok i 2012 kommunedelplan Oppvekst. Planen skildra kva mål og kvalitetar vi skal ha i skule, SFO og tverrfagleg arbeid.

Visjon:

*” Me er blant dei beste på samarbeid mellom skule, heim og lokalsamfunn. I skulen vår vert alle sett og verdsett, derfor har vi eit godt læringsmiljø med gode faglege resultat. Skulen er trygg, inkluderande, aktiv, kreativ og nytenkjande”.*

Visjonen skal vera ein positiv vegvisar i arbeidet i skulen, og har fleire satsingsområde som viser ein veg å gå. Verdiane som planen byggjer på er **anerkjening, meistring og tryggleik**.

Hovudmåla for skulane i Vaksdal er:

### ***I vår skule har vi eit godt samarbeid med heim og lokalsamfunn***

*- med kvalitetskriteria*

- Foreldre er aktive, interesserte, engasjerte i skulen (innhald, miljø og trivsel, lokalsamfunn, kultur og haldningar m.m)
- Låg terskel for formell og uformell kontakt om elevane si faglege og sosiale utvikling
- Borna vert kjent med bygda og kommunen sin (stikkord: bedrift, gardsbesøk, lokale ressurspersonar, lokal historie m.m.)
- Plan for samarbeid (skule – heim – lokalsamfunn)

### ***I vår skule arbeider vi for at alle elevar får auka læringsutbytte og når sitt maksimale faglege nivå med høg grad av meistring***

*- med kvalitetskriteria*

- Høgt kvalifiserte og engasjerte lærarar i både teoretiske og praktiske fag
- Lærarar stimulerer elevane sitt engasjement, motivasjon for læring, kreativitet og vitebegjær
- Lærarar er gode på å vurdere elevane sitt læringsutbytte og evner å gi melding til elevane som fører auka læringsutbytte
- Prioritering av førebygging og tidleg innsats
- Auke grunnskulepoeng og sikre at nivå stabiliserer seg på nasjonalt nivå

### ***I vår skule har vi elevar med høg grad av trivsel i eit godt fysisk - og psykososialt miljø***

*- med kvalitetskriteria*

- Eit målretta, systematisk og dokumentert arbeid for korleis skape eit godt fysisk miljø ute og inne
- Ha eit bevisst og aktiv fokus på korleis skape trivsel gjennom å byggje gode relasjonar (mellom lærarar, mellom elevar og mellom lærarar og elevar)

Hovudmåla for SFO i Vaksdal er:

***Vår skulefritidsordning er ein kreativ og utviklande arena med stor variasjon innan leik, kultur og ulike fritidsaktivitetar***

*- med kvalitetskriteria*

- Pedagogisk kompetanse blant tilsette
- Tek utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser i all planlegging
- Varier mellom aktivitetar og leik ute og inne
- Gir barn høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølv uttrykke seg estetisk

***Vår skulefritidsordning er prega av tydelege og omsorgsfulle vaksne***

*- med kvalitetskriteria*

- God kompetanse og tydeleg leiing
- Har eit bevisst og aktiv fokus på korleis skape trivsel gjennom å byggje gode relasjonar
- Legg til rette for at barna opplever seg inkludert, trygg og anerkjent

***I vår skulefritidsordning har vi glade barn i eit godt fysisk - og psykososialt miljø***

*- med kvalitetskriteria*


- Har eit målretta arbeid for korleis ein kan skape eit godt fysisk miljø ute og inne
- Arbeider for eit inkluderande og aktivt miljø

Skulane arbeider kontinuerleg for å nå desse måla og kvalitetskriteria som er knytt til det enkelte målet.

Aktive skuleeigarar er ein viktig føresetnad for arbeidet i skulen. Vaksdal kommune som skuleeigar har ambisjonar om å skapa eit best mogleg opplæringstilbod for elevane. Anten ved å gjera vedtak som peikar på endring, eller å bruka ressursar slik skulane ligg i dag.

## 2. Elevtalsutviklinga i Vaksdal

### 2.1. Skulekrinsane 2014-2015



## 2.2. Folketalsutvikling i Vaksdal 2005 – 2015 (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, SSB)

Statistikk viser at folketalet i Vaksdal har gått ned og at vi har forholdsvis stor grad eldre, medan det er færre yngre innbyggjarar. Tabellen under viser demografiska utviklinga i Vaksdal dei siste 10 år. Tala ligg innanfor ein intervall som i SSB sin terminologi vert rekna som «låg vekst». Vi ser at veksten variaera gjennom åra. Lågast var den i 2007, medan den var høgst i 2004.

Årsklassar	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
0 år	35	34	45	42	54	43	56	39	43	33	41	47
1-5 år	228	218	208	200	207	230	233	264	254	257	239	221
6-12 år	407	414	399	393	381	371	339	332	326	328	316	319
13-15 år	185	177	165	174	179	174	171	171	182	158	166	153
16-19 år	205	201	219	224	230	228	227	234	222	230	221	207
20-44 år	1198	1197	1154	1137	1141	1159	1160	1175	1170	1187	1194	1193
45-66 år	1066	1077	1082	1097	1100	1101	1117	1131	1143	1127	1141	1135
67-79 år	528	519	516	484	467	470	454	455	449	472	485	489
80-89 år	257	257	267	271	276	273	288	283	274	257	258	245
90 år eller eldre	64	60	63	72	71	61	62	69	75	83	79	87
<b>SUM</b>	<b>4173</b>	<b>4154</b>	<b>4118</b>	<b>4094</b>	<b>4106</b>	<b>4110</b>	<b>4107</b>	<b>4153</b>	<b>4138</b>	<b>4132</b>	<b>4140</b>	<b>4096</b>
<b>Vekst %</b>	<b>100</b>	<b>99,5</b>	<b>98,7</b>	<b>98,1</b>	<b>98,4</b>	<b>98,5</b>	<b>98,4</b>	<b>99,5</b>	<b>99,2</b>	<b>99,0</b>	<b>99,2</b>	<b>98,2</b>

## 2.3. Elevtalsutvikling i skulekrinsane 2000 – 2015 (Kjelde: GSI)

Tabellen under viser elevtalsutviklinga generelt dei siste 15 åra fordelt på dei ulike skulekrinsane. Dette er ein så lang periode at tendensen vert påliteleg. Det kan vera enkelte år som bryt ut av ei jamn kurve, men det er utvikling over tid som gjev grunnlag for analyse.

Skuleår	Del elevar på barnetrinnet (%)						
	Vaksdal	Stanghelle	Dale	Stamnes	Eidslandet	Bergsdalen	Eksingedalen
2014-15	39,6	22,7	24,6	10,9	-	-	2,2
2013-14	38,6	24,4	25,0	9,7	-	-	2,3
2012-13	34,5	25,0	27,5	10,1	-	-	2,8
2011-12	34,0	26,3	27,9	9,2	-	-	2,5
2010-11	30,9	23,4	29,4	11,9	-	-	4,4
2009-10	26,8	21,3	29,6	13,9	-	-	4,9
2008-09	29,8	21,0	27,3	16,4	-	-	5,5
2007-08	28,3	20,1	28,0	17,2	-	-	6,3
2006-07	27,0	19,3	29,0	17,5	-	-	7,2
2005-06	25,8	18,5	30,3	17,8	-	-	7,5
2004-05	24,2	19,1	27,1	15,5	3,1	3,6	7,3
2003-04	24,8	21,9	27,0	13,4	3,7	4,2	5,5
2002-03	23,7	22,7	27,3	13,5	4,1	3,8	4,8
2001-02	26,7	23,8	25,1	12,7	3,6	3,1	4,9
2000-01	25,4	25,6	25,1	11,3	3,7	3,7	5,2
3 siste år	37,6	24,0	25,7	10,2	0,0	0,0	2,4
3 første år	25,3	24,0	25,8	12,5	3,8	3,5	5,0

Ved å sjå på gjennomsnitt for dei 3 første åra og dei 3 siste åra, ser ein at elevtalet stig jamt på Vaksdal, ligg stabilt på Dale og Stanghelle, medan det er synkande i krinsane Stamnes, Bergsdalen, Eidslandet og Eksingedalen.

Det er grunn til å tru at utviklinga forsett og den generelle tendensen i til urbanisering i samfunnet ser dessutan ut til å vara ved.

#### 2.4. Tomteplanar som faktor i elevtalsutviklinga (Kjelde: Samfunnsutvikling, Vaksdal kommune)

Dette vil kome seinare.

#### 2.5. Elevtalsutvikling, prognose 2014 – 2024 (Kjelde: SSB)

Når det gjeld elevtalsutviklinga vil det vidare verta nytta utvikling som av SSB vert karakterisert som «middels vekst». «Høg vekst» vurderer vi som urealistisk og «låg vekst» synes for lite ambisiøst. Prognose for elevtalsutvikling vert henta frå SSB, men den kan kun gje oss ein generell prognose for heile kommunen, altså ikkje for den enkelte skulekrins. I ei forståing av elevtalsutviklinga må ein trekkje inn historiske erfaringar og kjente lokale faktorar som tilrettelegging for bygging av boligar.

Tabellen under viser prognosen for utvikling av bornetalet i Vaksdal 2014 – 2024 slik den er henta frå SSB. Denne fortel at barnetalet, i tråd med forventa folketalsutvikling, vil auka i perioden, men i varierende grad i dei ulike aldersgruppene.

Årskull	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0 år	41	49	50	51	53	54	55	55	55	55	55
1-5 år	239	235	223	231	239	255	267	274	279	283	285
6-12 år	316	321	345	353	362	355	352	347	351	344	353
13-15 år	166	154	148	124	121	130	138	156	157	172	161
<b>SUM</b>	<b>762</b>	<b>759</b>	<b>766</b>	<b>759</b>	<b>775</b>	<b>794</b>	<b>812</b>	<b>832</b>	<b>842</b>	<b>854</b>	<b>854</b>
0 år	100	119,5	122,0	124,4	129,3	131,7	134,1	134,1	134,1	134,1	134,1
1-5 år	100	98,3	93,3	96,7	100,0	106,7	111,7	114,6	116,7	118,4	119,2
6-12 år	100	101,6	109,2	111,7	114,6	112,3	111,4	109,8	111,1	108,9	111,7
13-15 år	100	92,8	89,2	74,7	72,9	78,3	83,1	94,0	94,6	103,6	97,0
<b>Gj. Snitt</b>	<b>100</b>	<b>103,0</b>	<b>103,4</b>	<b>101,9</b>	<b>104,2</b>	<b>107,3</b>	<b>110,1</b>	<b>113,1</b>	<b>114,1</b>	<b>116,3</b>	<b>115,5</b>

Frå 2014 – 2024 er veksten i gruppa 0 år og 1-5 år høgast, medan den i gruppa 13 – 15 år er lågast. Ut frå denne prognosen vil det vera 3 store klassar meir enn i dag i 2024. Utviklinga (sjå 2.3) viser vidare at dei aller fleste av desse elevane vil vera å finna i skulane Vaksdal, Stanghelle og Dale.

#### 2.6. Elevtalsutvikling, prognose 2024 – 2040 (Kjelde: SSB)

Tabellen under er ei kronologisk vidareføring av prognosane i tabellen under punkt 2.5 for perioden 2026 – 2040. I prosentrekning er 2014 framleis utgangspunktet for utviklinga.



Årskull	2014	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035	2036	2037	2038	2039	2040
0 år	41	54	53	53	53	52	51	51	51	50	50	49	49	49	49	49
1-5 år	239	287	287	285	283	280	279	277	275	274	271	269	268	265	265	264
6-12 år	316	381	394	401	406	410	413	415	415	413	411	409	407	404	401	399
13-15 år	166	139	138	142	154	162	166	171	174	177	179	180	180	180	179	178
<b>SUM</b>	<b>762</b>	<b>861</b>	<b>872</b>	<b>881</b>	<b>896</b>	<b>904</b>	<b>909</b>	<b>914</b>	<b>915</b>	<b>914</b>	<b>911</b>	<b>907</b>	<b>904</b>	<b>898</b>	<b>894</b>	<b>890</b>
0 år	100	131,7	129,3	129,3	129,3	126,8	124,4	124,4	124,4	122,0	122,0	119,5	119,5	119,5	119,5	119,5
1-5 år	100	120,1	120,1	119,2	118,4	117,2	116,7	115,9	115,1	114,6	113,4	112,6	112,1	110,9	110,9	110,5
6-12 år	100	120,6	124,7	126,9	128,5	129,7	130,7	131,3	131,3	130,7	130,1	129,4	128,8	127,8	126,9	126,3
13-15 år	100	83,7	83,1	85,5	92,8	97,6	100,0	103,0	104,8	106,6	107,8	108,4	108,4	108,4	107,8	107,2
<b>Gj. Snitt</b>	<b>100</b>	<b>114,0</b>	<b>114,3</b>	<b>115,2</b>	<b>117,2</b>	<b>117,8</b>	<b>118,0</b>	<b>118,7</b>	<b>118,9</b>	<b>118,5</b>	<b>118,3</b>	<b>119,0</b>	<b>118,6</b>	<b>117,8</b>	<b>117,3</b>	<b>116,8</b>

Viss prognosane med «middels vekst» slår til, vil Vaksdal ha 128 fleire innbyggjarar i gruppa 0 – 15 år i 2040 samanlikna med i dag. Det vi vera 577 elevar i grunnskulen i 2040 ut frå denne prognosen med «middels vekst».

### 3. Pedagogisk grunnlag for drøfting av skulestruktur

#### 3.1. Pedagogisk perspektiv

Ein viktig grunn for drøfte skulestruktur har pedagogisk karakter. Det er elevane sitt læringsmiljø og læringsutbytte som står sentralt. Forsking viser nokre faktorar som er vesentleg i forhold til læringsmiljø: vennskap og relasjonar til jamaldrande, relasjonar mellom elev og lærar, klasseleiing, normer og reglar, elevsyn og forventingar til læring, det fysiske miljøet i skulen og samarbeid heim / skule. Desse faktorane kan jobbast med uansett kor stor eller liten skulen er, men krev leiingskraft. For nokre av dei minste skulane kan dette med vennskap og trivnad vera utfordrande. Større klassar kan vera med å utgjera ein forskjell for ein del elevar.

Krava til dei tilsette i skulen er aukande. Nokre av skulane i Vaksdal har små og sårbare fagmiljø, og den pedagogiske kompetansen er spreidd på små skular. Det fører til utskifte av lærarar, og for den minste skulen vår, lite stabilitet frå år til år. Fleire lærarar ønskjer å tilhøyra eit større fagmiljø enn det dei minste skulane kan tilby. Større fagmiljø kan òg slå ut positivt på rekruttering. Ved å slå skular saman klarer ein å få til fagmiljø med større tyngde og auka kapasitet. Det er eit mål å ha gode fagmiljø, og det er eit visst krav til skulestorleik for å få ei optimal fagleg samansetjing av lærarstaben.

Læraren og undervisinga spelar ei viktig rolle. Kvaliteten på læraren og eit kollektivt orientert personale i ein god skuleorganisasjon – understøttar god undervising og eit godt sosialt miljø – som igjen understøttar god læring hos elevane. Denne profesjonsutviklinga er det mogleg å få til i skulane i Vaksdal, men det føreset god organisering og samarbeid i personalet, og det føreset nokon å samarbeida med. Det stiller òg krav til læringsleiing. Det å vera tydeleg som skuleleiar og klasseleiar er ein viktig bodskap. Større skular kan mobilisera større leiingskraft og kompetanse til å handtera krav til kvalitet og utvikling i framtida, og framheva pedagogisk differensiering framfor det organisatoriske.

Tydeleg leiarskap fremja gode relasjonar, samarbeid og elevprestasjonar. Ei velfungerande og engasjert skuleleiing har stor innverknad for godt samarbeid mellom lærarar og god pedagogisk praksis. Som leiar for lærarfellesskapet har skuleleiinga ein indirekte påverknad på elevane sitt læringsmiljø og læringsresultat (Udir - Forskning viser 01 2013).

Der foreldre / føresette har tydelege og realistiske forventingar til og støttar opp om eleven si læring og skulegong, vert læringsutbyttet betre. (Hattie, Nordahl, Ogden). Forsking eller andre tilgjengelege data seier ikkje noko om samanhengen mellom skulestorleik og samarbeid heim/ skule og kvaliteten på samarbeidet.

### 3.2. Tverrfagleg arbeid

Definisjon tverrfagleg samarbeid:

*"Tverrfagleg samarbeid er samarbeid mellom ulike faggrupper og profesjonar som ei felles utfordring eller problem, mot eit felles mål. Ein jobbar for felles kunnskap og forståing"* (Glavin & Erdal)

I kommunedelplan Oppvekst har Vaksdal kommune sett seg følgjande mål for tverrfagleg arbeid

***Vaksdal kommune er kjend for å ha eit lågterskeltilbod med eit hjelpeapparat som samarbeider svært godt på tvers av profesjonar***

*- med kvalitetskriteria*

- Høg kompetanse på samarbeid, tverrfagleg arbeid og tverrkulturell forståing
- Regelmessig risikokartlegging av samarbeidet
- Tydelege felles mål for samarbeidet
- Faggrupper viser respekt, openheit og fleksibilitet (godt forankra verdigrunnlag)
- Tenesteapparatet er løysingsorientert
- Klar fordeling av ansvarsforhold

***Alle barn/unge/familiar føler seg trygg på at dei får god rettleiing og koordinert hjelp frå hjelpeapparatet når dei treng det***

*- med kvalitetskriteria*

- Høg kompetanse på rettleiing
- Individuell plan er eit etablert samarbeidsreiskap
- Faggrupper rettleiar og utfylle kvarandre
- Felles kultur for korleis faggrupper skal jobbe tverrfagleg
- Faggrupper evner å etablere felles problemforståing
- Barn og unges behov gjenkjennes

***Helsestasjon, barnevernet og PPT jobbar tett saman med skule- og barnehage med fokus på tidleg innsats***

*- med kvalitetskriteria*

- Ein arbeider systematisk med tidleg innsats og førebygging
- Tidleg innsats vert prioritert høgt
- Tenestene samarbeider om rettleiing til skule, føresette og barn/unge

Ei større samlokalisering av skule, PPT, skulehelsetenesta, kulturskulen og bibliotek vil vera eit godt utgangspunkt for betra tverrfagleg arbeid knytta til born og unge. Det vil liggje til rette for nærleik til born og unge større delar av dagen og tettare kontakt mellom ulike tenesterfor betre samhandling.

### 3.3. Kvalitet i opplæringa

Vi har eit nasjonalt kvalitetsvurderingssystem for grunnopplæringa. Målet med ei kvalitetsvurdering er at elevar skal få eit godt læringsmiljø og eit best mogeleg læringsutbytte. Vidare under viser resultatata frå nasjonale prøvar ( gjennomsnitt 5 siste åra ) og elevundersøkinga ( gjennomsnitt 2 siste åra ) i grunnskulen i Vaksdal. Utdanningsdirektoratet la i 2013 om Elevundersøkinga, og resultatata frå tidlegare undersøkingar kan derfor ikkje samanliknast med resultat frå skuleåret 2013 – 2014 og tidlegare.

#### 3.3.1. Nasjonale prøvar, barnesteget

Resultata til elevane på nasjonale prøver på barnesteget, 5. årssteg, er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser resultat ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa. For Vaksdal er det rekna eit gjennomsnitt av resultatata dei 5 siste åra.

<b>Lesing</b>	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
<b>Vaksdal</b>	<b>24</b>	<b>55,4</b>	<b>20,6</b>
Nasjonalt	25	50	25
<b>Rekning</b>			
<b>Rekning</b>	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
<b>Vaksdal</b>	<b>29,2</b>	<b>44,1</b>	<b>26,7</b>
Nasjonalt	25	50	25
<b>Engelsk</b>			
<b>Engelsk</b>	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3
<b>Vaksdal</b>	<b>24,1</b>	<b>56,6</b>	<b>19,4</b>
Nasjonalt	25	50	25

#### 3.3.2. Nasjonale prøvar, ungdomssteget

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget, 8. årssteg, er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser resultat og ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa. For Vaksdal er det rekna eit gjennomsnitt av resultatata dei 5 siste åra.

<b>Lesing</b>	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
<b>Vaksdal</b>	<b>10,7</b>	<b>25,8</b>	<b>34,8</b>	<b>22,1</b>	<b>6,6</b>
Nasjonalt	10	20	40	20	10
<b>Rekning</b>					
<b>Rekning</b>	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
<b>Vaksdal</b>	<b>6,3</b>	<b>24,4</b>	<b>38,2</b>	<b>18,7</b>	<b>12,5</b>
Nasjonalt	10	20	40	20	10
<b>Engelsk</b>					
<b>Engelsk</b>	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5
<b>Vaksdal</b>	<b>13,3</b>	<b>27,2</b>	<b>35,7</b>	<b>17,6</b>	<b>6,1</b>
Nasjonalt	10	20	40	20	10

### 3.3.3. Elevundersøkinga

Utdanningsdirektoratet la i 2013 om Elevundersøkinga, og resultatane frå tidlegare undersøkingar kan derfor ikkje samanliknast med resultat frå skuleåret 2013 – 2014 og tidlegare. Elevundersøkinga vert gjennomført om hausten.

Det er inndelt i ein skala 1-5 der høg verdi tyder positivt resultat. Unntaka er mobbing på skulen der låg verdi er positivt og del av elevar som opplever mobbing som viser del av elevar (prosent).

7. årssteg		
Indikator og nøkkeltall	Vaksdal kommune	Nasjonalt
Trivsel	4,4	4,4
Støtte fra lærerne	4,5	4,4
Støtte hjemmefra	4,3	4,4
Faglig utfordring	4,0	4,0
Vurdering for læring	4,0	3,9
Læringskultur	4,0	4,1
Mestring	4,05	4,1
Motivasjon	3,75	4,0
Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,8
Felles regler	4,25	4,3
Mobbing på skolen	1,2	1,2
Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)	*	4,8

10. årssteg		
Indikator og nøkkeltall	Vaksdal kommune	Nasjonalt
Trivsel	4,0	4,2
Støtte fra lærerne	3,95	4,0
Støtte hjemmefra	4,05	3,9
Faglig utfordring	4,25	4,2
Vurdering for læring	3,35	3,2
Læringskultur	3,5	3,7
Mestring	3,9	4,0
Motivasjon	3,5	3,5
Elevdemokrati og medvirkning	3,05	3,2
Felles regler	3,9	3,8
Mobbing på skolen	1,3	1,2
Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)	5,3	4,5
Utdanning og yrkesveiledning	3,75	3,8

Elevane i Vaksdal vurderer sin eigen skulekvardag som positiv. Dei trivst og opplever støtte frå læraren. Læringskulturen er god og dei opplever at dei får rettleiing i læringsprosessen.

## 4. Økonomisk grunnlag for drøfting av skulestruktur

### 4.1. Statistikk

Når det gjeld drift av skular viser tal frå KOSTRA (tabell x) at Vaksdal kommune prioritera skule lågare enn andre kommunar i KOSTRA-gruppe 3. Vaksdal nyttar 20,9% av netto driftsutgifter mot 24,1 % i dei andre kommunane. Driftsutgifter pr. elev i kroner ligg òg lågare enn samanliknbare kommunar, men høgare enn Hordaland og landet. Skulestruktur (4.2.2), alder og utdanning blant personalet (4.2.4) kan nemnast som faktorar som dreg talet opp. Når ein skal setja søkelyset på økonomi knytt til drift av skulane, må heile tida hensyn til det pedagogisk forsvarlege liggje til grunn. I den grad det finst optimale løysingar for elevane sitt læringsutbyte, bør det vegast opp mot den økonomiske innsatsen det krevst. På ei anna side, viss resultatane ikkje står i forhold til kostnadane, er det grunn til å sjå på dei faktorane som kan synast å vera fordyrande for drifta. Den økonomiske situasjonen i Vaksdal kommune tilseier uansett at ein bør søkja auka effektiviteten. Tabellen under viser noko frå KOSTRA som er føremålstenleg bakgrunn for å drøfta kostnadar knytt til drift av grunnskulen i Vaksdal.

KOSTRA-tal for Vaksdal, kostragruppe 3, Hordaland og landet utan Oslo for 2014

	Vaksdal	Kostr03	Hordaland	Landet uten Oslo
<b>Netto driftsutgifter grunnskulesektor i prosent</b>				
Netto driftsutgifter grunnskulesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samla netto driftsutgifter	20,9	24,1	24,1	24
Netto driftsutgifter til skulefritidstilbod (215), i prosent av samla netto driftsutgifter	0,5	0,5	0,4	0,4
Netto driftsutgifter til skulelokaler (222), i prosent av samla netto driftsutgifter	2,6	3,8	3,9	3,9
Netto driftsutgifter til skuleskyss (223), i prosent av samla netto driftsutgifter	0,5	0,7	0,5	0,5
<b>Netto driftsutgifter grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år</b>				
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6-15 år	121706	131546	100549	101230
Netto driftsutgifter til skulefritidstilbod (215), per innbyggjar 6-9 år	6391	6635	4165	4007
Netto driftsutgifter til skulelokaler (222), per innbyggjar 6-15 år	15114	20884	16323	16392
Netto driftsutgifter til skuleskyss (223), per innbyggjar 6-15 år	2977	3654	2063	2044
<b>Dekningsgrader</b>				
Del elevar i kommunen sine grunnskular, av kommunen sine innbyggjarar 6-15 år	97,9	99,2	94,9	96,4
Del elevar i grunnskulen som får særskilt norskopplæring	2,8	4,2	6,6	5,5
Del elevar i grunnskulen som får morsmålsopplæring	0,7	1,6	4,7	2,5
Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning	10,3	10,5	7,7	8,1
Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	7	7,1	5,1	5,2
Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	15,9	12,4	8,9	9,5
Del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	10,3	12,9	10,1	10,5
Del timar spesialundervisning av tal lærartimar totalt	17,1	19,6	16,5	17,4
Del elevar i grunnskulen som får tilbod om skuleskyss	33,8	42,3	25,6	23,7
<b>Skulefritidstilbod</b>				
Del innbyggjarar 6-9 år i kommunal SFO	68,8	47,5	62,7	59,3
Del elevar i kommunal SFO med 100% plass	52,5	36,5	56,8	54,8
<b>Utdjupande tenesteindikatorar</b>				
Elevar per kommunal skule	92	116	212	213
Gjennomsnittleg gruppestørleik, 1.-10. årstrinn	11,7	10,4	14	13,6
Gjennomsnittleg gruppestørleik, 1.-4. årstrinn	11,8	10	13,7	13,3
Gjennomsnittleg gruppestørleik, 5.-7. årstrinn	10,1	9,6	13,6	13
Gjennomsnittleg gruppestørleik, 8.-10. årstrinn	13,2	11,5	14,9	14,3
Del elevar med direkte overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring	100	98,2	98,2	98,1
Gjennomsnittlege grunnskulepoeng	38,6	..	40,9	40,3

### 4.2. Driftskostnadar for skule

Det er logisk at ein relativt stor skule med til dels store klassar er meir økonomisk i drift enn ein mindre skule kor klassane er relativt små. Tabellen under viser kostnadane for kvar skule delt opp i skuledrift og eigedomsdrift. Kostnadane knytt til fellestenester og kommunalsjefen sitt ansvar i 2014 er ikkje tatt med. Eigedomskostnaden er tatt ut av rekneskapen det som vert overført til eigedomsavdelinga frå den enkelte skule. Vedlikehald og eigedom sine administrasjonskostnadar er ikkje tatt med.

Det er viktig å presisera at kostnadane er knytt til eitt rekneskapsår (2014) og at det i skulekostnadane ligg inne variablar som spesialundervisning slik det var dette året på denne skulen. Spesialundervisning, morsmål opplæring og særskilt norskopplæring kan ha ulikt volum frå år til år, men denne variasjonen er relativt liten og gjer ikkje vesentlege endringar i det store bilete.

**Tabell 1 Driftskostnadar for skulane basert på kommunerekneskapen i Vaksdal 2014**

Skule	Elevtal pr. 01.10.14	Skuledrift	Eigedomsdrift	Samla driftskost.	Skuledrift pr elev	Eiged. drift pr elev	Samla pr elev
<b>Vaksdal</b>	121,5	9 451 979	431 415	9 883 394	77 794	3 551	<b>81 345</b>
<b>Stanghelle</b>	73	6 797 377	189 589	6 986 966	93 115	2 597	<b>95 712</b>
<b>Dale</b>	222,5	21 004 932	1 287 158	22 292 090	94 404	5 785	<b>100 189</b>
<b>Stamnes</b>	32	3 656 685	206 908	3 863 593	114 271	6 466	<b>120 737</b>
<b>Eksingedalen</b>	12,5	2 789 530	165 194	2 954 724	223 162	13 216	<b>236 378</b>
<b>Eidslandet</b>	14,5	2 078 132	0	2 078 132	143 319	0	<b>143 319</b>

Tala viser at dei mest kostnadskrevjande skulane, totalt sett, nærmar seg det dobbelte av kostnad pr. elev sett i forhold til dei mindre kostnadskrevjande. Skular med ungdomstrinn vil uansett framstå som dyrare, men bakgrunnen for dette er knytt til nasjonale standardar for leseplikt som utløyser fleire lærarar. Ut frå denne oversikta åleine er det grunn til å samlokalisera skular, men i ei vurderinga av eventuell gevinst ved forenkla skulestruktur er det nødvendig å få eit bilete av kapitalkostnadar knytt til rehabilitering/utbygging av sentralskular. Ein må i vurderinga òg ta med gevinsten ved å redusera tal skular, og det bidraget dette vil kunne gje til reduserte framtidige vedlikehaldskostnadar. Det er eit etterslep på vedlikehald som vil by på utfordringar på skulane.

#### 4.3. Andre økonomiske forhold

Avskrivingskostnadar og restverdi på skulebygg kjem seinare.

#### 4.4. Personale (Kjelde: KOSTRA)

Tala som viser personalsituasjonen i Vaksdal i tabellen under er basert på tal frå 2013 då det enno ikkje er tilgjengelege data for 2014.

Slik det viser av KOSTRA-oversikta har Vaksdal ein relativt høg del av lærarar eldre enn 50 år samanlikna med landet og Hordaland. Samstundes er delen lærarar utan pedagogisk utdanning noko over Hordaland og landet.

	Vaksdal	Kostr03	Hordaland	Landet uten Oslo
Andel avtalte årsverk i grunnskolesektor	20,3	21,8	28,9	25
Andel avtalte årsverk eksklusive lange fravær i grunnskolesektor	21,6	21,9	29,2	25,3
Andel lærere som er 40 år og yngre	35,3	36,6	42,9	41,3
Andel lærere som er 50 år og eldre	36,8	37,6	34	33,3
Andel lærere som er 60 år og eldre	13,2	12,4	13,1	12,2
Andel lærere i heltidsstilling	55,9	58,8	61,6	62,2
Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning og pedagogisk utdanning	85,3	85,4	88,5	87,1
Andel lærere med universitets-/høgskoleutdanning uten pedagogisk utdanning	7,4	6,2	5,7	6,3
Andel lærere med videregående utdanning eller lavere	7,4	8,4	5,8	6,6

KOSTRA-tabellen i punkt 4.1 over gjennomsnittleg gruppestørleik, viser at Vaksdal har relativt små grupper pr. lærar samanlikna med resten av Hordaland og landet, men om lag som kommunegruppa.

Det er imidlertid eit faktum at skulane i Vaksdal har ein relativt stor del assistentar. Dette er i all hovudsak knytt til spesialundervisning. Dette kjem ikkje fram i tabellen, slik at vaksentettleiken (lærarar+assistentar) er noko betre enn tabellen viser.

#### 4.5. Skulestorleik og lærartettleik

Storleik på skulen, skulebygningar og økonomi åleine tyder lite for elevane sitt læringsutbytte. Små skular framstår likevel som meir sårbare enn større skular. KOSTRA viser at Vaksdal har få elevar pr. skule, 92 elevar, noko lågare enn samanliknbare kommunar, Hordaland og landet elles.

Forskning på lærartettleik seier ikkje eintydige resultat. Enkelte studiar viser at små klasser gjev positive effekter for enkelte grupper av elevar, eller under gjevne forhold ved undervisninga. Andre studiar viser at klassestorleik har liten innverknad samanlikna med andre forhold som påverkar elevane sine resultat (Udir - Forskning viser 02 2013). KOSTRA viser at Vaksdal har lågare lærartettleik, fleire elevar pr. lærar, enn samanliknbare kommunar, men høgare enn Hordaland og landet elles.

#### 4.6. Spesialundervisning og utvida språkopplæring

Vaksdal har over tid hatt mange elevar med spesialundervisning, i 2014 10,3 % av elevane, medan snittet i landet ligg rundt 8% og kommunegruppa 10%. Skulen har jobba med endringar i fleire år og tilpassa opplæring er styrka. PPT i har stort fokus på arbeid med systemretta arbeid i skulane og barnehagane våre i tillegg til individretta sakkunnig arbeid. Vaksdal nytta i 2014 færre timar til spesialundervisning enn samanliknbare kommunar, Hordaland og landet elles.

Tabellen i punkt 4.1 viser at vi har relativt lite undervisning i høve morsmåloplæring og særskilt norskopplæring samanlikna med andre. Auka mottak av flyktingar og arbeidsinvandring kan endre på dette i åra framover.

#### 4.7. Skuleskyss

Det er Hordaland fylkeskommune som har ansvar for skyss av skuleelevar. Vaksdal kommune betalar ein sats pr. skuledag for kvar elev som har rett til skyss. Reglar for skuleskyss gjev ei nedre grense for fri skuleskyss på 4 km for elevar i 2.-10 årssteg og 2 km for elevar i 1. årssteg. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda. For 2015 er satsen for skyss pr. dag kr. 52,-. For eit skuleår er skyssutgifter pr. elev kr.  $52 \times 190 =$  kr. 9 880,- i 2015.

Retningslinjene for tilrådd maksimal reisetid i høve skuleskyss (som rett nok ikkje står i opplæringslova, men som har vore vist til sidan 1986), seier at skuleborn på 1.-4. årssteg ikkje bør ha ei reisetid over 45 min. ein veg. For 5.-7. årssteg er det 60 min. som er retningsgjevande, medan ungdomsskuleelevane ikkje bør ha over 75 min. ein veg. Den maksimale reisetida gjeld frå elevane går på bussen og fram til undervisninga startar.

Reisetida i tabellen under er henta frå SKYSS sin rutetabell pr. mai 2015 med reisetidspunkt som passar skuletidene.

Rute	Reisetid ein veg	Reisetid pr. dag
Stanghelle - Dale	6 min	12 min
Stanghelle - Vaksdal	10 min	20 min
Vaksdal - Dale	16 min	32 min
Stamnes* - Dale	24 min	48 min
Eidslandet - Dale	45 min	90 min
Eidslandet - Stamnes	23 min	46 min
Eidslandet - Bergo	50 min	1 t 40 min

\*Stamnes kai



## 5. Scenarier for drøfting av skulestruktur i Vaksdal

**Dette kapitlet kjem med scenarier når vi har sikre tal.**

Alternative løysingar for skulestruktur i Vaksdal er skildra som scenarier. Kostnadar til vedlikehald og investering byggjer på tilstandsrapport frå Norconsult gjennomført vinteren 2015.

Det enkelte scenario er lagt opp med følgjande innhald:

- Kort skildring av no-situasjonen med informasjon om elevtal, bemanning, gruppestorleik og nyttegrad
- Skulebygget sitt utbetnings- og/eller utbyggingsbehov
- Økonomiske konsekvensar for drift med tydeleg gevinst eller meirkostnad
- Økonomiske konsekvensar for investering
- Eventuelle andre kommentarar

**5.1. Nærmiljøskular for kvar av krinsane Vaksdal, Stanghelle, Dale, Stamnes og i Eksingedalen som i dag, inkl. kjøp av skuleplassar i Modalen kommune**

**5.2. Samlokalisering på Dale og i Eksingedalen (begge 1. – 10. årssteg)**

**5.3. Samlokalisering på Vaksdal (1. – 7. årssteg), Dale (1. – 10. årssteg) og Eksingedalen (1. – 10. årssteg)**